

Sakshandsamar:

Per Jørgen Loen
E-post: per.jorgen.loen@sfj.no
Tlf.: 57 65 62 01

Vår ref.

Sak nr.: 14/569-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

3054/14

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 27.01.2014

Opplæringskontora v/dagleg leiar

Kvalitetsdialog opplæringskontora 2014

Den årlege kvalitetsdialogen med opplæringskontora vert i 2014 lagt til veke 9 -13. Fylkesdirektøren sender med dette ut oversikt over møtetidspunkt og agenda for dialogen.

Kvalitet og kvalitetssikring i heile opplæringsløpet er svært viktig, og fylkesdirektøren har valt å endre noko på opplegget for den årlege kvalitetsdialogen.

Fylkesdirektøren ber difor om at opplæringskontora fyller ut og **sender inn vedlagde rapporteringsskjema, signert av dagleg leiar, seinast ei veke før dialogmøtet.** (skjemaet er tilnærma likt det som vert nytta til rapportering frå frittstående bedrifter). Fylkesdirektøren vil heller ikkje i år be om rapportering frå den einskilde medlemsbedrift i opplæringskontora.

Vidare ber vi om at opplæringskontoret **seinast ei veke før dialogmøtet** sender inn dokumentasjon på 4 lærlingar/lærekandidatar valde ut etter følgjande kriterier:

- 1 første års lærling
- 1 andre års lærling
- 1 lærling med ekstra tilrettelegging
- 1 lærekandidat

Om opplæringskontoret ikkje har kandidatar i dei to siste kategoriane, kan de velje ordinære lærlingar i staden slik at det totalt vert sendt dokumentasjon på 4 personar.

Dokumentasjon som skal sendast inn:

- Individuell opplæringsplan
- Referat frå halvtårssamtale
- Oversikt over bruken av spes.ped midlar eller midlar til ekstra tilrettelegging.

Fylkesdirektøren vil i kvalitetsdialogen ta utgangspunkt i innsend dokumentasjon.

I tillegg ønskjer fylkesdirektøren å ta opp følgjande tema:

- Resultat av lærlingundersøkinga (vert utsendt på førehand)
- Ny inntaks- og formidlingsforskrift
- Bruk av VigoBedrift
- Tilbakedatering av kontraktar
- Saker innmelde av det einskilde kontor

Frist for innmelding av saker er også ei veke før dialogmøtet.

Vi ser fram til god dialog til beste for lærling og lærekandidat !

Med helsing

Tor-Einar Holvik Skinlo
assisterande fylkesdirektør

Per Jørgen Loen
teamleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Opplæringskontora v/dagleg leiar

Kopi til:

Tor-Einar Holvik Skinlo, OA

Torunn Risøy, OA

Nils Taklo, OA

Nils Friis Fardal, OA

Arve Hjelle, OA

Elisabeth Ask, OA